



## Statens vegvesen

Byggmester Knut Henanger AS

Mjåbeitstø 33A

5918 FREKHAUG

Behandlende eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
17/100355-3

Dykkar referanse:

Vår dato:  
28.09.2017

### Dispensasjon frå byggegrense – Fv. 244 – gnr. 18 bnr. 92 – Meland kommune – mur – Tiltakshaver Bnk Eiendom AS

Vi viser til motteke søknad om dispensasjon frå byggjegrense for mur langs fv. 244 Sagstadvegen i Meland kommune, samt til synfaring 28.08.2017.

#### Omsøkt tiltak

Søknaden gjeld oppbygging av mur i forlenginga av eksisterande mur i aust, med ein minste avstand på 2,5 meter frå vegmidte. Muren langsmed vegen er tenkt oppført i ein høgde på 1,5 meter. Bak muren skal terrenget skrå oppover til det er i plan med eksisterande terrengr i aust. Skisse frå søknad:



Ved synfaring var representant for tiltakshavar open for å trekke muren litt lenger unna vegen viss det er naudsynt for å få dispensasjon frå byggjegrense.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Hensikta med tiltaket er mellom anna å gi betre moglegheit for å manøvrere køyretøy internt på eigedomen, og meir areal til utomhuslagring av produkt.

#### Vurdering

I *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest*, er fylkesvegen forbi omsøkt avkørsle vist med haldningsklasse 3. Dette vil mellom anna seie at byggjegrensa normalt vert sett til 30 meter frå vegmidte.

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen. På grunn av vegens geometri og terrenget lenger vest, vil ei vegutviding på denne strekninga venteleg skje på sørsida av vegen.

I denne konkrete saken er det ein eksisterande gråsteinsmur attmed vegen, med ein høgde på om lag 4 meter. Den nye muren er omsøkt i same avstand som eksisterande mur. I vest svingar vegen, slik at avstanden mellom mur og veg aukar (sjå innseitt skisse). Ved å etablere ny mur i forlenginga av eksisterande mur, vil eksisterande murhjørne fjernast. Ut frå ein rein trafikktryggleiksvurdering er dette positivt, då slike hjørne utgjer ein risiko ved utforkøring.

Etter ei totalvurdering kan Statens vegvesen akseptere at muren vert plassert i tråd med søknaden.



### **Vedtak**

Med heimel i veglova [§30](#) og [§34](#), gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fv. 244 Sagstadvegen for å etablere mur og fylling på gnr. 18 bnr. 92 i Meland kommune.

### **Vilkår for dispensasjonen**

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan, datert 09.06.2017.
2. Avstanden frå mur til senterlina på fv. 244 Sagstadvegen skal vere minst 2,5 meter.
3. Mur og fylling må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
4. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at tiltaket ligg nær fv. 244.
5. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

### **Arbeidsvarsling**

Før arbeid vert sett i gang på/ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Han skal sendast til [nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no](mailto:nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no). Vi ber om at det vert vist til vårt saksnummer 17/100355 ved innsending av arbeidsvarslingsplanen.

### **Rett til å klage**

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak". Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstans er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 Leikanger, epost [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no), som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Statens vegvesen Region vest  
Plan og forvaltning  
Med helsing


Kari Elster Moen  
overingeniør  
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG



(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)	<b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b> (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)
 <b>Statens vegvesen</b> <b>Region vest</b>	(2) Dato
(3) Mottakar (namn og adresse)	(4) Klageinstans Klagenemnda i Hordaland fylkeskommune
<b>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</b>	
<b>Klagerett</b>	De har rett til å klage på vedtaket.
<b>Kven kan De klage til?</b>	Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).
<b>Klagefrist</b>	Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoен for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.
<b>Rett til å krevje grunngjeving</b>	Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.
<b>Innhaldet i klaga</b>	De må presisere <ul style="list-style-type: none"> <li>– kva for eit vedtak De klagar på</li> <li>– årsaka til at De klagar</li> <li>– den eller dei endringar De ønskjer</li> <li>– eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga</li> </ul> Klaga må underskrivast.
<b>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket</b>	Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjord.
<b>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</b>	Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.
<b>Kostnadene med klagesaka</b>	De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykker kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykker fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.
<b>Klage til Sivilombodsmannen</b>	Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltinga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltinga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltinga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykker avgjord i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.
<b>Særlege opplysningar</b>	